

# Referat idrettslaget sin turmarsj på Fedje 1. mai 2024

1. mai var det nok ein gong duka for dette tradisjonsrike arrangementet, som har halde det gåande på Fedje sidan 1986. 140 personar deltok, til tross for at 1. mai fall på ein onsdag og at det var litt regn i lufta ved start. Det rekordhøge deltakartalet på 191 frå i fjor hang nok saman med langhelg, fint vêr og offisiell opning av den nye drygt 2 km lange grusvegen store delar av turmarsjen går gjennom. No kan ein gå gjennom løypa i allslags forhold, også med barnevogn. Før 1986 skal det ikkje ha vore vanleg å gå rundt i marka, slik det er blitt etter at turmarsj-traseen utvikla seg til å bli ein del av Nordsjøløypene på vestlandet. På turmarsjen var det som vanleg 5 postar undervegs med 5 spørsmål på kvar, og 3 svaralternativ på kvart spørsmål. Snittresultatet var 17,8 av 25 poeng, som er litt over normalen.

Spørsmåla bestod som vanleg av ein god miks av lokalkunnskap, samfunnsaktuelle tema, noko for barn og unge, samt allmennkunnskap og logikk.

I år var det jamt i toppen, fire med 22 poeng og elleve med 21 poeng. Som mange gonger før låg Bjarthe Villanger med familie og Trond Willy Færøy høgt oppe. Trond Willy gjekk utan døtrene denne gongen, og gjekk som i 2019 til topps, etter å ha vore nærmast på tiebreakeren, knepent foran 2021-vinnaren Mathilde Villanger, som også enda opp med 22 poeng.

*«Når ein går mange i lag, kan ein dela seg opp på spørsmål ein er usikre på, noko eg ikkje hadde anledning til denne gongen, og då meiner eg sigeren berre er endå meir fortjent»,* poengterte Trond-Willy då ein representant frå idrettslaget ringte for å gratulera, og legg til:

*«Eg har lenge etterlyst å kunne betala ekstra for å få nokre heil- og halvgarderingar, noko som kjem spesielt godt med om ein går åleine og ikkje kan samarbeida internt i familien, men heldigvis vart det ikkje behov for det i år.»*

Han legg til at han er godt nøgd med at arrangøren har tatt lærdom av den teknologiske utviklinga, og lagt til ein del spørsmål kor det ikkje er så lett å google med mobilen. Men i motsetning til i 2019, kom sigeren som ei overrasking denne gongen.

*«I år hadde eg ikkje trua, då eg fann ut at eg hadde tatt feil på fleire av dei spørsmåla kor eg måtte tippa. Men det gjorde berre beskjedne om at tittelen er i hamn endå betre.»*

*«Sjekkens storleik var imponerende, ikkje like imponert over beløpet, men det viktigaste er sjølvsagt den heder og ære dette medfører i lokalsamfunnet»,* forklarte Trond-Willy.



Vinnaren Trond-Willy Færøy poserer med premiesjekken



Deltakarar ute i turløypa

## Historikk frå og med 2009:

År	Vekedag	Tal deltakarar	Vinnar	Av 25		Merknad
				Vinnarpoengsum	Snittpoeng alle deltakarar	
2024	Onsdag	140	Trond-Willy Færøy	22	17,8	
2023	Mandag	191	Ariel Andersen Færøy	23	15,7	
2022	Søndag	131	Aurora Njøten Færøy	22	17,9	
2021	Lørdag	140	Mathilde Tvedt Villanger	25	16,5	
2019	Onsdag	127	Trond-Willy Færøy	22	15,9	
2018	Tirsdag	129	Marius Øien	21	16,2	
2017	Mandag	112	Tormod Olsen	24	18,5	
2016	Søndag	104	Klara Hagen	22	17,5	
2015	Fredag	122	Arvid Skogseth	22	16,5	
2014	Torsdag	113	Klara Hagen	22	15,7	
2013	Onsdag	*66	Kjetil Berg Hansen	22	15,1	*Kraftig vind og regn
2012	Tirsdag	120	Sebastian Vangsnes	23	16,7	
2011	Søndag	96	Arild Karlsen	21	16,5	
2010	Lørdag	94	Annika Tvedt Villanger	22	16,8	
2009	Fredag	124	Kamilla Kleppe Karlsen	21	13,1	

## Resultatliste

(Kun dei med minst 20 poeng, full resultatliste er sløyfa, øvrige kan ev. rekna ut eigen poengsum ut frå kva dei svarte opp mot fasit nedst)

Plassering	Namn	Tips på tiebreaker	Poengsum av 25
1.	Færøy, Trond Willy	1150	22
2.	Villanger, Mathilde	1700	22
3.	Hagen, Åsmund Skogseth	500	22
4.	Hagen, Klara Skogseth	400	22
5.	Berg, Leander	1164	21
6.	Karlsen, Martin	1274	21
7.	Fagerlid, Marte	1130	21
8.	Fagerlid, Felix Finlay	1128	21
9.	Villanger, Annika	1300	21
10.	Villanger, Anna	1100	21
11.	Villanger, Bjarte	1350	21
12.	Hansen, Kjetil Berg	1490	21
13.	Solbakk, Elin	1540	21
14.	Skogseth, Kristina	800	21
15.	Husa, Mio Bertin	2311	21
16.	Berg, Camilla Horgen	1200	20
17.	Wiken, Aron	1146	20
18.	Kongsvoll, Torolf	1145	20
19.	Hatlem, Lene Kristine	1274	20
20.	Kvalvik, Finja T.	1277	20
21.	Fagerlid, Aurora	1127	20
22.	Berg, Linnea	1289	20
23.	Ng, Magnus S	1300	20
24.	Wiken, Even	1300	20
25.	Nilsen, Ida-Marith	1312	20
26.	Stormark, Karoline S.	1083	20
27.	Øien, Carina	1362	20
28.	Ng, Ellie S.	1400	20

29.	Hatlem, Andreas	1003	20
30.	Ophaug, Evy Katrine	1420	20
31.	Berg, Magnus Ove	981	20
32.	Øien, Stine	1430	20
33.	Hagen, Mari	948	20
34.	Storemark, Monica N.	1472	20
35.	Blomvågnes, Terje	1472	20
36.	Horgen, Ole Martin	1483	20
37.	Leknes, Johannes Erstad	910	20
38.	Ng, David	1500	20
39.	Bøstrand, Peder	1504	20
40.	Storemark, Ine-Beate	1550	20
41.	Leknes, Marie Erstad	850	20
42.	Osebakken, Camilla	839	20
43.	Evensen, Noah Øien	1640	20
44.	Hagen, Olav Skogseth	685	20
45.	Sjo, Malvin Husa	1780	20
46.	Hatlem, Martin		20

**Fasit:** Alternativet i **kvitt på svart** er det riktige. I parentes står det kor mange prosent som svarte det alternativet.



1. Kven er dette?

- 1) Mira(5 %) **X) Maja(93 %)** 2) Mina(2 %)

2. Kven vann siste Påskelabyrinten på NRK P1?

- 1) Fedje-ordførar Stian Herøy(4 %) **X) Alver-ordførar Sara Sekkingstad(86 %)** 2) Vestland-fylkesordførar Jon Askeland(10 %)

3. Kva hastighet har passasjerfly frå Boeing og Airbus når dei landar?

- 1) Rundt 210 - 260 km/t(76 %)** X) Rundt 310 - 360 km/t(11 %)

2) Det kjem an på maksimal fartsgrense, som er 110 km/t i Noreg. I Tyskland er det derimot inga øvre grense, og der er rundt 410 - 460 km/t normalen i det flyet treff bakken. (12 %)

4. Kor sikkert sa Ståle Solbakken i 2021 at det var at Noreg kom til fotball-EM i 2024?

- 1) 1 % sikkert(14 %) X) 50 % sikkert(30 %) **2) 99 % sikkert(56 %)**

5. Kor kjem blåbæra i blåbærsyltetøy som vert selt i norske butikkar i all hovudsak frå?

- 1) Frå blåbærplukkarar, stort sett eldre nordmenn og polakkar, som leverer inn til norske produsentar for 15-20 kr/kg(7 %)

X) Frå norske blåbær-gardsbruk, som har automatiske plukkemaskiner(23 %)

**2) Dei vert importert frå utlandet(70 %)**

6. Kva er eit standardinstrument på ein ubåt?

- 1) Periskop(94 %)** X) Teleskop(3 %) 2) Stetoskop(3 %)

7. Kva vil det seia å «reade» nokon på Snapchat?

- 1) Å spå nokon via Snapchat(4 %)

X) Å sende ein snap kor ein les opp eit dikt eller ein sangtekst(8 %)

**2) Å opne ein snap frå nokon, men ikkje svara(88 %)**

8. Kva har Jonas Gahr Støre gjort seg skuldig i?

- 1) Blitt ferska på overvakingskamera då han synleg berusa dansa «Gangnam Style» åleine i lobbyen på Stortinget klokka to om natta(7%)  
 Sniking på T-banen i Oslo(76 %)  
2) 29 % av nyttårstalen i år var plagiat av Jens Stoltenberg sin nyttårstale frå 2010(17 %)



9. Kven er dette?

- 1) Val Kilmer, amerikansk skodespelar som mellom anna har spelt Batman(75 %)  
X) Finn Schjøll, også kjent som «Blomster-Finn»(18 %)  
2) KI-generert bilde av artisten Vidar Villa, for å få han til å sjå 30 år eldre ut enn han er(7 %)

10. Eit tomt basseng tar 2 timar å fylla. Det tar så 3 timar å tømme det når bunnproppen vert opna. Kor lang tid tar det å fylla det tomme bassenget om bunnproppen er open?

- 1) 4 timar(28 %) X) 5 timar(25 %) 2) 6 timar(47 %)

**Om ein antar bassenget er knøttlite og rommar til dømes 6 liter, så renn det 3 liter inn i timen, og 2 liter ut i timen. Netto vil det då renna 1 liter inn i timen, og det vil ta 6 timar å fylla bassenget.**

11. Kva er det vanleg at barnehage-barn i Noreg syng når dei gynger på dissa?

- 1) «Mere fart! Mere fart! Ellers så får du melkebart!»(80 %)  
X) «Dytt meg no! Dytt meg no! Ellers så faller du oppi do!»(18 %)  
2) «Du må skubbe! Du må skubbe! Ellers så blir du en gammel gubbe!»(2 %)

12. Kva stod det på russekortet til Fedje-ordførar Stian Herøy?

- 1) «Jeg vet hva jeg vil, men ikke med hvem» (31 %)  
 «Visst faen skal vi gifte oss, bare ligg stille du»(26 %)  
2) «Det er ikke pølsa man blir feit av, det er sausen»(43 %)

13. Kvifor er Erna Solberg sin ektemann Sindre Finnes blitt så sterkt kritisert?

- 1) Han leigde ut statsministerboligen på Airbnb medan Erna var statsminister(1 %)  
X) Han lanserte ein app då Erna var statsminister, kor brukarar kunne betala for å motta eksklusiv innsikt i regjeringa sine planar(6 %)  
2) Han spekulerte mykje på børsen då Erna var statsminister, og vart skulda for å ha utnytta informasjon kona satt på(93 %)

14. Kven av desse var IKKJE skatteflyktning i utlandet under sin aktive idrettskarriere?

- 1) Bjørn Dæhlie(80 %) X) Thor Hushovd(16 %) 2) Aksel Lund Svindal(4 %)

15. Kor kjem «Fedje-etternavnet» Eckholm eigentleg frå?

- 1) Bydistriktet Ekholmen i Linköping i Aust-Sverige(9 %)  
 Handelsstaden Eikholmsundet i Austrheim kommune(75 %)  
2) Øya Ekholmen i Austevoll kommune(166 %)

16. Kva for ein farge består hesten til Pippi Langstrømpe, «Lilla Gubben», i hovudsak av?

- 1) Lilla(11 %) X) Kvit(86 %) 2) Svart(3 %)

17. I dokusåpa «Girls of Oslo» følger vi influensarane Annijor, Isabel Raad, Nora Haukland og Sophie Elise. Kor mange av dei fire er frå Oslo?

- 1) Ingen(76 %) X) To(23 %) 2) Alle fire(1 %)



18. Kva skjedde i går?

1) Eit fullskala CO<sub>2</sub>-reinseanlegg vart endeleg opna på Mongstad, 17 år etter at dåverande statsminister Jens Stoltenberg omtala prosjektet som «vår månelanding»(2 %)

X) Ny veg over Radøy vart opna, og det skal no gå om lag 8 minutt raskare enn før å køyra frå Sævrøy til Knarvik(96 %)

2) Det første spadetaket i arbeidet med den etterlengta Nyborgtunnelen mellom Nordhordlandsbrua og Åsane blei tatt, tunnelen som etter planen skal opnast hausten 2027(2 %)

19. Kor stor andel tvillingpar som vert født i Noreg kvart år, består av ein gut og ei jente?

1) Mellom 30 og 40 %(83 %) X) Om lag 50 %(8 %) 2) Mellom 60 og 70 %(8 %)

50 % av alle toegga tvillingpar består av ein av kvart kjønn, 25 % av to jenter og 25 % av to gutar. Men alle einegga tvillingpar er likekjønna, som gjer at ein stad mellom 30 og 40 % av alle tvillingpar, samla sett, består av ein gut og ei jente.

20. Arvid Skogseth gav ut «Fedje og Folket» i 1997, og vart så hyra til å skriva «Austrheim i Fortid og Notid». Kva var Skogseth, som også står bak bokprosjektet «Sund på søre Sotra», sitt opphavlege forslag til kva Austrheim-bøkene skulle heita?

1) «Anar frå Austrheim»(20 %)

X) «Arven frå Austrheim»(27 %)

2) «Bygdebok for Austrheim», med følgjande undertitlar: Bind 1) «Folket på Fønnes»; Bind 2) «År for år på Årås»; Bind 3) «Øksnes og øyane»(53 %)

21. Kva er Stavangerkameratene?

1) Eit fotballag frå Stavanger, som for tida spelar i 4. divisjon(4 %)

X) Ei musikkgruppe frå Stavanger, som fekk bandnamnet sitt frå Stian Blipp(92 %)

2) Tur- og friluftsgruppa til frimurarlosjen i Stavanger, som organiserer fjellturar til Preikestolen og Kjeragbolten ein gong i månaden i perioden mai – september(4 %)

22. Kva vart tidlegare i år kåra til årets ord?

1) Å «moxe», som er eit annet ord for å stjele(17 %)

X) Å «borche», som er eit annet ord for å plagjere(2 %)

2) «KI-generert», som betyr at noko er generert av kunstig intelligens(81 %)

23. Kva er høgste fartsgrense på offentlig veg i Vestland fylke?

1) 80 km/t(6 %)

X) 90 km/t(10 %)

2) 100 km/t(84 %)

(Ny tunnel mot Os)


24. Kor mange gonger dyrare er det å kjøpa papirutgåva til VG i dag i forhold til i 2002?

1) Ca. dobbelt så dyrt(36 %)

X) Ca. 3,5 gonger så dyrt(52 %)


2) Ca. 5 gonger så dyrt(12 %)

9 kr i 2002 fram til desember, kor det auka til 10 kr. I dag i underkant av 50 kr, ca. 5 gonger så dyrt.



25. Kva figur manglar?

1)  (27 %)

X)  (34 %)

2)  (39 %)

Øvste linje: Frå bilde 1 til bilde 2 får figuren ein svart prikk og ein svart halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre. Frå bilde 2 til 3 mistar figuren ein svart prikk og ein kvit halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre.

Andre linje: Det samme skjer, berre i motsatt rekkefølge. Først mistar figuren ein svart prikk og ein kvit halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre. Så får figuren ein svart prikk og ein svart halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre.

Nedste linje: Frå bilde 1 til 2 får figuren ein svart prikk og ein svart halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre. Dersom ein igjen lar figuren mista ein svart prikk og ein kvit halvsirkel, og roterer 90 grader til høgre, får ein figur 1)

26. Tiebreaker, tippespørsmål som blir avgjerande om det skulle bli delt førsteplass: I perioden 1990-2016 scora Rosenborg 1665 seriemål. Kor mange scora Brann? Rett svar er 1204 mål.